

Hei igjen. Mitt namn er Ingvald André Kårbø og eg vil i dag prøva å svara på eit påskerelatert spørsmål. Det er eit spørsmål knytta til ein detalj i historien rundt Jesu arrestasjon som innsendaren har gått og grubla på. Spørsmålet er: "Hvorfor hadde disiplene med seg sverd i Getsemane? Jeg lurar på dette hver påske, men har aldri funnet noe svar." At disiplene hadde med seg sverd, kan me for eksempel lesa om i Lukasevangeliet kap.22, der det i v.50 står om korleis ein av disiplene kutta øyret av øvstepresten sin tenar. Kvifor hadde desse med seg sverd? Dei gjekk jo med Jesus? Trengte dei sverd? Eg vil prøva å svara i to deler. Fyrst, på grunnlag av den generelle kulturen. Deretter, forhistorien som Bibelen gjev til det som skjer i Getsemane.

Som ein bibellesar i Noreg i 2017 er det alltid viktig å vera merksam på at Bibelen er skriven inn i ei anna tid og ein annan kultur enn den me tilhøyrer. Dette medfører at ein del omkringliggende opplysningar i bibeltekstane kan virka noko merkeleg for oss, fordi det ikkje er vanleg i Norge i 2017. Slik kan det vera med det å gå med sverd, som er heilt framand for oss i dag. Den einaste gongen nordmenn stort sett kan finna på å gå med noko slikt er på 17.mai, der ein del spenne på seg bunadskniven for å pynta opp bunaden. Men slik var det ikkje i Israel rundt år 30. Spesielt mannfolk hadde eit anna forhold til våpen i denne tida. I Mishnah, som er ein av jødedommen sine religiøse tekstsamlingar, kan me lesa at Rabbi Eliezer omtalar våpen som mannens utsmykning. Det var med andre ord ikkje noko ein skjemtest ved å bera – tvert i mot. Og det var difor ikkje unaturleg for ein person å bera eit sverd. Desse våpnene hadde nemleg ein funksjon. Dei gav beskytting til dømes i møte tjuvar. Viss me les litt av forhistorien og har denne funksjonen i bakhovudet, kan me kanskje forstå noko av grunnen til at læresveinane bar sverd.

Tidlegare på kvelden har Jesus feira påskemåltidet med læresveinane. Han har også hatt sin avskilstale med dei, der han blant anna har vore tydeleg på at dei går vanskelege tider i møte. Jesus har sagt at han skal reknast blant lovbrytarar, med andre ord at han skal verta arrestert. Peter har vore tydeleg på at han er villig til å kjempa for Jesus, om det medfører både fengsel og død. På vei ut frå øvresalen, henvender disiplene seg til Jesus og seier at dei har to sverd – det er som om dei vil prøva å bevæpna Jesus for det som skal skje. Men Jesus seier – det er nok – som om han vil få dei til å slutta, og går til Getsemane. Kva læresveinane då har tenkt, veit me ikkje, men kanskje me kan våga oss å tenkja litt vidare. Dei har høyrdd at Jesus skal verta arrestert, dei tenkjer han er uskyldig, leiaren blant dei har sagt han er klar til å dø, og dei har to sverd. Det er difor sannsynleg i mine augo at dei denne kvelden i Getsemane har med seg sverd, både fordi det ikkje var uvanleg, men også fordi dei ville bruka dei til beskyttelse. Det som enno ikkje hadde vorte openberra for dei, var at Jesu død var nødvendig. At han ikkje døydde på grunn av si avmakt, men fordi han som var den allmechtige ville gjera det som måtte gjerast for å redda hjelpelause disiplar i frå Jerusalem og til verdens ender ved å bera vår straff på seg.